

# Høyanger kommune

## Politisk sekretariat

Kulturdepartementet

Saksnr. 12/621	Dok-ID 12/6208	Arkivkode C60	Sakshandsamar RIF	Dato: 27.06.2012
-------------------	-------------------	------------------	----------------------	---------------------

### Endring i lov om folkebibliotek - Høyringsuttale

Vedlagt følger Høyanger kommunestyret sin høyringsuttale til endring i Lov om folkebibliotek.

Med helsing

Rita Flaten  
politisk sekretær

Kopi til:  
Biblioteksjef Jorun Systad

# Høyanger kommune

## Møtebok

Utval	Møtedato	Saksnr
Utval for kultur	05.06.2012	015/12
Kommunestyre	21.06.2012	074/12

### Endring i lov om folkebibliotek - Høyringsuttale

#### Rådmannen si tilråding:

Høyanger kommunestyre har følgjande uttale til endringsframlegg til lov om folkebibliotek:

1. Høyanger kommune ser positivt på endringane i formålsparagrafen, der formidlingsansvaret og rolla folkebiblioteket har som møteplass og kulturarena vert tydelegare.
2. Høyanger kommune ser positivt på at det framleis er krav om at det skal være eit folkebibliotek i kvar kommune, og støttar endringa i §5 om kompetanse der høvet til dispensasjon frå utdanningskravet vert tatt bort.
3. Høyanger kommune er bekymra for departementet sine endringsforslag i kapittel III om fylkeskommunen sine oppgåver og organisering på bibliotekområdet.
4. Høyanger kommune støttar dei lovtekniske endringane i lovforslaget.

05.06.2012 Utval for kultur

**KU-015/12 FRAMLEGG - samr. som tilråding.**

21.06.2012 Kommunestyre

**KS-074/12 VEDTAK - samr. som framlegg.**

# Saksutgreiing

<b>Sakshandsamar:</b> Jorun Systad	<b>Arkivkode:</b> C60	<b>Arkivsaknr</b> 12/621
---------------------------------------	--------------------------	-----------------------------

Vedlegg:

Forslag tikl endringar - høyringsnotat

Forslag til endringar

## Bakgrunn

Kulturdepartementet har sendt på høyring forslag til endringar i Lov om folkebibliotek frå 1985. Forslaget er i hovudsak ei oppfølging av bibliotekmeldinga frå 2009 – St.meld. nr. 23 (2008-2009) *Bibliotek. Kunnskapsallmenning, møtestad og kulturarena i ei digital tid*.

Endringsforslaga i loven er meint å legge til rette for gjennomføring av politikken som er lagt fram i bibliotekmeldinga.

## Vurdering

I høyringsnotatet blir desse punkta handsama:

- Harmonisering av lovføresegner for folkebibliotek og UH-bibliotek
- Justeringar i formålparagrafen
- Organisering og drift av bibliotektenester
- Kompetansekravet i folkebibliotekloven § 5
- Fylkesbibliotek – folkebibliotekloven kap. III
- Lovtekniske endringar

Departementet legg vinn på at lovteksten skal kunne kjennast att og gjer så små endringar i teksten som mogeleg. Alle føresegner av frivillig karakter blir fjerna. Berre pålagte oppgaver står att i lovteksten. Formålparagrafen vert endra for å synleggjere biblioteka sitt formidlingsansvar og rolla som møtestad og kulturarena. Det vert og foreslått å stramme inn kompetansekravet til biblioteksjef. Kravet om at fylkeskommunen sitt ansvar for bibliotektenester skal vere organisert gjennom eit eige fylkesbibliotek, er fjerna.

### ***Justeringar i formålparagrafen***

Formålparagrafen i dag peikar på dei viktigaste elementa i biblioteka sitt samfunnsoppdrag: Sikre alle fri tilgang til informasjon, kunnskap og kultur.

Formidlingsoppgåvene og rolla biblioteket har som møtestad og kulturarena er ikkje synleg i noverande biblioteklov, men heilt sentrale punkt i fleire stortingsmeldingar om bibliotek og kultur.

### ***Vurdering:***

Formålparagrafen skal gi ei ramme for kva funksjonar folkebiblioteket skal fylle og korleis tenestene skal utførast. Det er positivt at departementet med forslaget presiserer at «aktiv formidling» er ein viktig del av folkebiblioteka sine oppgaver.

Det er også positivt at ein får fram funksjonen biblioteka har som møteplass. I Høyanger kommune med 7 bibliotekavdelingar er biblioteket ein møteplass for bygdefolk på tvers av generasjonane. I mindre grender er folkebiblioteket ikkje berre eit møte med litteratur og kultur, men og ein sosial møteplass. Biblioteka har og ei viktig rolle som eit lågterskeltilbod i lokalsamfunnet. Biblioteket er ein sosial arena open for alle, utan krav til aktiv deltaking eller

betaling, samt at biblioteket kan vere ein offentleg arena for debatt, læring og kultur- og litteraturformidling. Dette er ei god tilpassing til røyndomem i dag og tydeleggjer nokre av dei viktigaste funksjonane biblioteka har i lokalsamfunna.

## Kompetansekravet i folkebibliotekloven §5

Dagens biblioteklov fastlår at alle kommunar skal ha fagutdanna biblioteksjef, men med høve til å søkje dispensasjon frå kravet dersom ein ikkje får kvalifiserte søkjarar til biblioteksjefstillinga. Forskrift om personale i kommunale folkebibliotek definerer kva som meinast med fagutdanning og gir føresegner for dispensasjon.

Alt i biblioteklova frå 1971 vart det fastsett kvalifikasjonskrav. Dette vart vidareført av gjeldande lov frå 1985. Frå 1985 til i dag har andelen kommunar med fagutdanna biblioteksjef auka frå 43 % til 71 %. Alle kommunane som manglar biblioteksjef med fagutdanning har under 5000 innbyggjarar.

Departementet framhevar at relevant kompetanse er grunnleggjande for gode, framtidsretta bibliotektenester. Personalet sin kompetanse er den viktigaste faktoren for å tilby ei kvalitativ forsvarleg bibliotekteneste. Spesielt vil dette vere viktig i små bibliotek med små stillingsressursar, der biblioteksjefen ofte er aleine om bibliotekdrifta.

På bakgrunn av dette går departementet inn for å oppretthalde krav om at biblioteksjefen skal ha fagutdanning, og at høvet til å søkje dispensasjon blir fjerna. Om det ved utlysing ikkje melder seg kvalifiserte søkjarar, må kommunen finne alternative løysingar for å oppfylle kravet, t.d. gjennom forpliktande interkommunale samarbeidsløysingar.

### ***Vurdering:***

Drift av eit folkebibliotek er mangfaldig og krevjande, ikkje minst i den fleirkulturelle og digitale tida vi lever i. Det blir stilt store krav og forventningar til kva eit folkebibliotek skal vere og skal tilby; det skal gi tilgang til og formidle alle slags kulturuttrykk, som film, musikk og litteratur, det skal vere ein møteplass, ha kvalitetssikra digitale tenester, ha tilbod til fleirkulturelle, arrangere debattmøter og litteraturkveldar, tilby tenester til barnehagar og skular og ha tilbod til spesielle grupper som t.d. pasientar i institusjonar.

I tillegg skal dei vere ein del av det nasjonale biblioteknettverket med dei forpliktingane det fører med seg, som samarbeid på tvers av kommunar og vere med på nasjonale og regionale satsingar. Mangfaldet av oppgåver viser kor viktig det er at folkebiblioteket blir leia av personar som har fagleg forståing av verksemda.

I Sogn og Fjordane har 13 av 26 biblioteksjefar godkjent fagutdanning. Dei resterande er tilsett på fast eller midlertidig dispensasjon. Dette er på same nivå som i 2000, sjølv om ein har hatt ein del utskiftingar av personalet sidan då.

Som i resten av landet er det tilsett fagutdanna biblioteksjef i dei større kommunane. Men medan det på landsbasis er 5-7 % som bur i kommune utan fagutdanna biblioteksjef er tilsvarande tal for Sogn og Fjordane ca. 30 %.

Om kommunen ikkje får kvalifiserte søkjarar i første omgang må ein finne alternative løysingar, som t.d. forpliktande interkommunalt samarbeid. Heile stillingar vil også vere lettare å få kvalifiserte søkjarar til enn små stillingsprosentar.

Høyanger kommune fekk fagutdanna biblioteksjef i heil stilling i 1990. Stillinga vart då auka for å få kvalifisert personale. Fleire av kommunane i vår region har svært dyktige biblioteksjefar utan bibliotekfagleg utdanning, og fleire fagutdanna biblioteksjefar i små stillingsprosentar. Krav om forpliktande interkommunalt samarbeid kan vere gode løysingar for mindre kommunar og utvikle bibliotektenestene.

Vi støttar at ein i lova held på kompetansekravet, og at ein fjernar den generelle dispensasjonsordninga.

### **Fylkesbibliotek – folkebibliotekloven kap III**

I ulike utgreiingar og meldingar har det vore eit politisk siktemål å styrke fylkeskommunen som regional utviklingsaktør. Lovverket definerer oppgåver som skal løysast på fylkeskommunalt nivå, og ikkje kva institusjon som skal løyse dei.

For fylkesbiblioteka har oppgåvene dei seinare åra dreia meir og meir mot rådgjeving, kompetanseutvikling, samordning og forsøks- og utviklingsarbeid. Det regionale leddet er også viktig for å få til ein god forankring av den statlege bibliotekpolitikken rundt om i landet. Det er foreslått at det ikkje lenger skal vere krav om å ha eige fylkesbibliotek som organisatorisk eining, men at det skal vere eit lovkrav om kva bibliotekoppgåver fylket skal ivareta. Fylkeskommunen sine bibliotekoppgåver vert knytt til rettleiing og utvikling, samt regionale bibliotekoppgåver som t.d. lånesamarbeid og bokbuss/bokbåt. Det blir også presisert at for at fylkeskommunen skal kunne yte god, relevant rettleiing til kommunar, folkebibliotek og skulebibliotek, skal fylkeskommunen ha bibliotekfagleg kompetanse på leiarnivå.

#### ***Vurdering:***

Både i noverande lov og i endringsframlegget blir det peika på at fylkeskommunen skal ha eit ansvar for å ivareta regionale bibliotekoppgåver og regional bibliotekutvikling.

Som mange andre fylkesbibliotek har Sogn og Fjordane fylkesbibliotek dei siste åra fokusert stadig meir på å vere ein regional utviklingsaktør. Det er utarbeidd ein bibliotekplan for fylket der fylkesbiblioteket har sett opp mål og strategiar for å utvikle biblioteka for å sikre betre bibliotektenester til innbyggjarane i fylket.

Sogn og Fjordane har mange små kommunar, og fleire av dei har svært små bibliotekressursar. Halvparten manglar tilsette med bibliotekfagleg utdanning. I ein slik situasjon er eit sterkt fylkesbibliotek ein viktig støttespelar og kompetansesenter både for skule- og folkebibliotek. Å kunne vende seg til fylkesbiblioteket og nytte seg av fagkompetansen personalet der sit inne med, er og har vore verdifullt for dei mange små og mellomstore biblioteka i fylket.

Forutan råd og rettleiing er fylkesbiblioteket viktig som arrangør og tilbydar av kurs og andre kompetansehevande tiltak for bibliotekpersonalet. I tillegg kjem operative oppgåver den enkelte kommunen aleine ikkje er i stand til å ta på seg, t.d. felles søkeportal for alle bibliotekdatabasane, koordinering og organisering av felles transportordning, drift av bokbåt, kurs og kompetansehevande tiltak og utvikling av samarbeidsprosjekt mellom biblioteka.

Om ein skal oppfylle formålet i lova og realisere måla i bibliotekmeldinga, er det viktig med eit sterk bibliotekfagleg miljø på fylkesnivå i Sogn og Fjordane.

Å fjerne lovkravet om eit eige fylkesbibliotek kan oppfattast som ei svekking av verdien til fylkesbiblioteka og det arbeidet som blir gjort ved desse institusjonane. For å utvikle bibliotektenestene i Sogn og Fjordane i tråd med det biblioteklova krev, treng vi eit fagleg sterkt fylkesbibliotek.

#### ***Lovtekniske endringar***

Endringsframlegget har ei gjennomgåande lovteknisk oppdatering slik at alle bestemmelsar av frivillig karakter er foreslått fjerna. Dette inneber ikkje at departementet meiner at samarbeid med skule eller bibliotektenester til pasienter bør opphøyre.

Dei meir tekniske endringane gjeld:

- bibliotektenester til pasienter
- fastsetjing av bibliotekreglement
- samarbeid med skulen
- særlige statstilskot

### ***Vurdering:***

Høyanger bibliotek har eige bibliotekreglement som er utarbeidd på bakgrunn av statlege retningsliner. Dette er snart modne for revidering. Ein avventar ordningar for utlån av E-bøker og andre digitale filer før ein startar dette arbeidet.

Samarbeid med skule er svært viktig for folkebiblioteket sjølv om dette ikkje er nedfelt i lova. Samarbeid med folkebibliotek er ikkje eit krav i opplæringslova, og eit lovkrav der kun eine parten er pålagt eit samarbeid vil ikkje ha særleg verdi.

Det viktigaste i Høyanger kommune er at elevane i grunnskulen får eit godt bibliotektilbod.

Dette sikrar vi gjennom samordning av ressursar til bibliotekdrift.

Høyanger kommune har kombinasjonsbibliotek med folkebibliotek og skulebibliotek i Bjordal, Lavik, Vadheim og Kyrkjebø.

Bibliotektenester for pasientar i helseinstitusjonar er viktig. Som Lesersøkerbok-bibliotek har Høyanger bibliotek ei ordning med leseombud på Høyanger sjukeheim. Ordninga omfattar faste besøk på sjukeheimen. Biblioteket ønskjer å utvide ordninga og gi eit godt tilbod til alle som har spesielle vanskar med å bruke sjølve biblioteket.

Det er viktig at departementet synleggjer desse bibliotekoppgåvene og moglegheitene gjennom statlege signaler og tilskotsordningar.

### **Rådmannen sin konklusjon**

Rådmannen tilrår kommunestyre å sende slik uttale til framlegg om endring av folkebibliotekloven:

1. Høyanger kommune ser positivt på endringane i formålsparagrafen, der formidlings-ansvaret og rolla folkebiblioteket har som møteplass og kulturarena vert tydelegare.
2. Høyanger kommune ser positivt på at det framleis er krav om at det skal være eit folkebibliotek i kvar kommune, og støttar endringa i §5 om kompetanse der høvet til dispensasjon frå utdanningskravet vert tatt bort.
3. Høyanger kommune er bekymra for departementet sine endringsforslag i kapittel III om fylkeskommunen sine oppgåver og organisering på bibliotekområdet.
4. Høyanger kommune støttar dei lovtekniske endringane i lovforslaget.